

**Snart 20.000 til idrettslaget**

22.12.2009

**Vi har før meldt at Grasrotandelen har vind i segla også i Uskedalen og klart mest har idrettslaget og skulemusikken fått tilført førebels. Medan beløpet til idrettslaget no ligg på 19 363 kroner (54 spelarar) er resultatet så langt 15 731 for korpset (56 spelarar)..**

Festidalen har fått 4 644 kroner frå 32 spelarar, helselaget 4 138 frå 17 spelarar, Røysterett for alle 3 602 frå 17 spelarar og ungdomslaget 1 991 frå 8 spelarar.

Trio leiar suverent kommunestatistikken med 136.000 kroner.

Dei som ikkje har registrert sin grasrotandel kan bidra mykje ved å gjera det før nyttår. Då vil den ein gjev femprosentaren til få andel av alt ein har spela for dette året.